

Handling	Lite berekraftig	Meir berekraftig	Mest berekraftig
Kjøpe poteter	Frå Tyskland Lang transport, ukjend bruk av sprøytemiddel.	Økologiske frå Norge Krev litt transport og energibruk, men lite bruk av skadelege sprøytemiddelar då økologisk mat blir produsert utan bruk av kjemisk-syntetiske sprøytemiddel . Ein unngår også rundt 280 tilsetningsstoff som er tillatne i annan mat.	Dyrke sjølv Kjøpe norske økologiske setjepoteter. Ingen transport av ferdig produkt, ingen skadelege sprøytemiddel eller energibruk (når ein vel det).
Ny kjole	Frå Indonesia Lang transport og energibruk, ressurs- og arealbruk til jomfruelege materiale, ukjend bruk av skadelege kjemikaliar som ofte blir sleppte ut i naturen, mogleg dårlege arbeidsforhold.	Frå norsk produsent Transport og energibruk, ressurs- og arealbruk til jomfruelege materiale, ukjend bruk av skadelege kjemikaliar. Resirkulerte materiale kan også gi negative utslepp. Som til dømes stoff laga av resirkulert plast som polyester, vil halde fram med å gi mikroplastutslepp både ved bruk og vask.	Gjenbruke Kjøpe brukt, reparere, byte eller gjenbruk det du har. Ressursar som allereie er tekne ut blir gjenbrukte lengst mogleg.
Oppgradere kjøkken	Kjøpe nytt kjøkken laga i Portugal Lang transport, ressurs- og arealbruk til jomfruelege materiale, ukjend bruk av skadelege kjemikaliar.	Kjøpe nytt Svanemerket, eller anna miljømerkte kjøkken Transport, ressurs- og arealbruk til jomfruelege materiale, ukjend bruk av skadelege kjemikaliar, men har gått gjennom kriterium for mindre miljøbelastande varer.	Gjenbruke Fiks, mal og kjøp nye handtak til dei kjøkkenskapa du har. Bruk miljømerkt måling eller gjenbrukte produkt til å fikse. Gjenbruk ressursar som allereie er tekne ut og reduserer avfall og avgassane frå nye varer, som kan gi dårleg innemiljø.
Transport til jobb	Køyre bil Klimagassutslepp, mikroplastutslepp, forureining og energibruk. Slitasje på bil, veg og lommeboka.	Samkøyre Mindre belastning på miljø- og klima per person. Mindre bilar på vegane og mindre slitasje på veg.	Gå eller sykle Lite eller ingen utslepp. Betre for helsa, miljøet og lommeboka. Og kva er vel betre enn å starte dagen med ein liten tur i frisk luft.
Hagen din	Mykje plen og grønne buskar Ein plen er ein ørken for artsmangfaldet. Gir ingen eller lite mat til pollinerande insekt. Insekt	Mindre plen, meir tre og blomsterbed Fleire blomstrande plantar gir mat til pollinerande insekt. Tre gir skugge og le for menneske og dyr, og tre	Giffri hage med mykje blomstrar, tre og matplantar Best for artsmangfald og menneske, og gir deg kortreist mat. Kjøp

	<p>pollinerer nesten 90 prosent av plantane i verda - blant dei frukt- og grønsaksortar. Bidreg ikkje til artsmangfald</p>	<p>kan suge opp til 1000 liter vatn på regnfulle dagar. Blomstrande plantar og tre styrkjer artsmangfaldet.</p>	<p>økologiske plantar eller dyrk sjølv frå frø. Då unngår du sprøytegift frå produsenten, som kan ta knekken på pollinerande insekt. Styrkjer artsmangfald, betre for helsa di og naturen.</p>
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------